



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 1

2013

ÅRGANG 28



Paul Ottar Haga spelar sjøve  
Fossegrimen i stykket.

## *Fossegrimen*

4. april 2013

**ÅRSMØTE**  
25. FEBRUAR 2013

## Godt nytt lagsår!

Fyrst vil me tipsa medlemmene om eit par konsertar med framifrå utøvarar frå eige fylke, sjå lenger bak i bladet, og så me kan tilrå alle folkedanskveldane frametter, sundagskveldane i Nordahl Bruns g. 22, Sogn og Fjordaneringen har ansvar for fleire av dei.

**Torsdag 4. april** skipar me til felles tur for laget og ringen på teater, for å sjå «Fossegrimen» av Sigurd Eldegard, forfattar frå Årdal i Sogn, eit folkemusikk- og folkedansdrama med m.a. Paul Ottar Haga og ei gruppe frå Frikar på scenA! Sjå neste side.

Til hausten vert det gjenopningshelg på Pustut, Sunnfjordhytta som då skal vera restaurert og ombygd til ei meir tenleg og triveleg lagshytte. Me har også håp om å ta opp att tradisjonen med smalahovehelg der i oktober. Dessutan vert det to lagshelgar på Nordfjordhytta, både vår og haust. Og så blir det klubbefest i Storsalen fyrste laurdagen i november.

Og ikkje minst alt Sogn og Fjordaneringen skipar til; dei vanlege øvingane og forkurs på tysdagane og alle dei folkedansane ringen er ansvarleg for på sundagskveldane i vinter og vår. Så det er verdt å vera med i laget og ringen og på det me steller i stand. Fylg med på nettsidene våre, [www.sognogfjordanelaget.no](http://www.sognogfjordanelaget.no).

### Hugs årsmøtet 25. februar

Det nærmar seg årsmøtetid, måndag 25. februar kl. 19.00 er dagen og Bygdelagshuset er staden å møta opp for å få eit ord med i laget, i dobbel tyding. Les årsmøtepapira som ligg i denne sendinga og kom på årsmøtet, du får kaffi og kake og garantert ein god prat også.  
Vel møtt!

*Alv Reidar Dale*  
Lagsleiar

## Bli med på spelstykket *Fossegrimen* torsdag 4. april!

«Fossegrimen» av *Sigurd Eldegard* i samarbeid med FRIKAR Dance company

Dansarar frå FRIKAR, folkemusikarar og skodespelarar vil gjera Fossegrimen til eit storslått, visuelt og musikalsk folkeeventyr. Som ein del av jubileumsfeiringa (DNT 100 år) presenterer Det Norske Teatret *Sigurd Eldegard* si forteljing om kunstnarens strevsame veg – i strid både med mytologiske figurar og ein barsk kvardag. Her lokkar både Fossegrimens spel i fossen, ein meisterspelemann som minner sterkt om Ole Bull og storbondens vakre dotter. Stykket vart spelt på DNT både i 1926 og i 1931, men premieren var på Nationaltheatret i frigjeringsåret 1905, på nynorsk og med musikk av Johan Halvorsen.



### Inspirasjon frå folkekulturen

Eldegard nyttar element frå folkemusikk og folkeeventyr, men dramatikaren refererer også til Ole Bull og Myllarguten, og er inspirert av både Peer Gynt og Faust. Til å regissera framsyninga har Det Norske Teatret henta Leif Stinnerbom frå Sverige, leiaren av det legendariske Västanå-teatret. Han har gjort oppsetjingar med blanding av teater, musikk, dans, og ofte med folkekultur som utgangspunkt. Med seg har han koreograf Hallgrim Hansegård, scenograf Kari Gravklev, kostymedesignar Inger Hallström Stinnerbom og komponisten Magnus Stinnerbom.

Med er m.a. Paul Åge Johannessen, Heidi Gjermundsen Broch, Paul-Ottar Haga, og Ådne Kolbjørnshus, Torkjell Lunde Børsheim og Vetle Springgard frå Frikar.

Ordinær billettpris er kr. 250,- for vaksne. Laget får 20 % avslag, dvs. billettane kostar **200 kroner**. Me må setja **påmeldings- & betalingsfristen til 22. februar**. Påmeldinga er bindande, og du set summen inn på laget sin konto: **0531 27 71723**. Merk innbetalinga med "Fossegrimen" og eige namn og adresse!

Du melder deg på til Jofrid Holter, på e-post:  
**jofrid.holter@hioa.no** eller sms: 97 59 15 42.

*Bli med på jubileumsframføring på Det Norske 4. april!*

## Søndagsdans / folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22

	Dato/tid	Aktivitet	Sal
3. febr.	18.00-19.30	Minikurs - Stildans	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Eiker spellemannslag	Storsalen
10. febr.	18.00-19.30	Minikurs - Polsdans frå Finnskogen ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Fanteladdane	Storsalen
17. febr.	18.00-19.30	Minikurs - Rørospols ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-21.30	Songdanskveid -	Blåsalen
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Steinsgårdskroken	Storsalen
24. febr.	18.00-19.30	Minikurs - Bingsjöpolska ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Spelemannslaget De frilynde	Storsalen
3. mars	18.00-19.30	Minikurs - Rørospols ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Farande Fant	Storsalen
10. mars	18.00-19.30	Minikurs - Stildans	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Elise Hildrum med venner	Storsalen
17. mars	18.00-19.30	Minikurs - Springleik frå Lom	Halli
	19.30-21.30	Songdanskveid -	Blåsalen
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Brødrene Odde	Storsalen
7. april	18.00-19.30	Minikurs - <a href="#">Parhalling frå Dalsfjorden</a> ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Bærum spellemannslag	Storsalen
14. april	18.00-19.30	Minikurs - Tovdalspringar	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Enebakk spellemannslag	Storsalen
21. april	18.00-19.30	Minikurs- Stildans	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Østerdølenes spellmannslag	Storsalen
28. april	18.00-19.30	Minikurs - Polsdans frå Finnskogen ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Tonje & Stein Magne	Storsalen
5. mai	18.00-19.30	Minikurs - Bodapolska ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-19.45	Rund-/folkedans - Bærum spellemannslag	Storsalen
12. mai	18.00-19.30	Minikurs – springar nordre Sunnmøre ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Solveien spellemannsl./Feleboga	Storsalen
17. mai	20.00-23.00	17. mai-fest - Spelemannslaget De frilynde	Storsalen
26. mai	18.00-19.30	Minikurs - Nordlandspols ( <a href="#">sjå døme</a> )	Halli
	19.30-22.45	Rund-/folkedans - Sofienberg spellemannslag	Storsalen
2. juni		<a href="#">Bygdelagsstemnet</a> på Norsk folkemuseum	

## Aktivitetsskalendar - Sogn og Fjordaneringen

kl. 18:00-19:30: oftast [minikurs](#) i ein dans i Halli

kl. 19:30 - 22:45: [folkedanskveld](#) med levande musikk i Storsalen

Andre ting som skjer i miljøet finn du i menyen

”Alt som skjer” øvst til venstre på sida [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com)

Dato	Dag	Tid	Stad	Aktivitet/Lenke
12.jan	laurdag	18:30	Lågdalsmuseet	20.dagsfest Kongsberg
15.jan	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
22.jan	tysdag	19:00-22:00	NB 22, Storsalen	Årsmøte
27.jan	søndag	17:30 - 23:00	NB 22, Storsalen	teknisk arrangør folkedanskvelden
29.jan	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a> Kurs i polskor
05.feb	tysdag	18:00-19:30-21:30	NB 22, Storsalen	<a href="#">Nybyrjarkurs i gamaldans</a> <a href="#">Kurs i polskor</a>
12.feb	tysdag	18:00-19:30-21:30	NB 22, Storsalen	<a href="#">Nybyrjarkurs i gamaldans</a> <a href="#">Kurs i polskor</a>
19.feb	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
24.feb	søndag	17:30 - 23:00	NB 22, Storsalen	teknisk arrangør folkedanskvelden
24.feb	søndag	17:45-19:30	NB 22, Halli	minikurs i <a href="#">Bingsjøpolska</a>
26.feb	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
05.mart	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a> Kurs i tango
12.mart	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a> Kurs i tango
19.mart	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
02.apr	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>

07.apr	søndag	17:30 - 23:00	NB 22, Storsalen	teknisk arrangør folkedanskvelden
07.apr	søndag	17:45-19:30	NB 22, Halli	minikurs <a href="#">Parhalling</a>
09.apr	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a> Kurs i enklere stildans
16.apr	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a> Kurs i enklere stildans
23.apr	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a> Kurs i enklere stildans
30.apr	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
05.mai	søndag	17:30 - 23:00	NB 22, Storsalen	teknisk arrangør folkedanskvelden
05.mai	søndag	17:45-19:30	NB 22, Halli	minikurs <a href="#">Bodapolska</a>
07.mai	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
14.mai	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
17.mai	fredag	12:30-17:00	Bærum	<a href="#">17. mai-framsyning på institusjonar i Bærum</a>
17.mai	fredag	20:00-23:00	NB 22, Storsalen	Folkedansnemda arr. dans
21.mai	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
28.mai	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
2.jun	søndag		Folkemuseet	Bygdelagsstemnet Bygdøy, Østerdølene spiller til dans
04.jun	tysdag	18:00-19:30-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Tysdagsdans</a>
11.jun	tysdag	19:00-22:00	NB 22, Storsalen	<a href="#">Sommeravslutning</a>

---

## Linda Gytri på Riksscena

Kanskje litt seint å kunngjera, men me tek likevel med at folketrekkspelearen **Linda Gytri** frå Oldedalen, som også lagar musikken sin sjølv, spelar på Riksscena for folkemusikk og -dans i Schouskvartalet nedst på Grünerløkka **sundag 10. februar kl. 15.00**. Ho har gjeve ut eiga plate; Umbra, og spelar vedkjømeleg vakkert og feiande friskt, så gå og høyr henne! Ho har med *Sigbjørn Apeland* på trørgel, han spela med Sigrid Moldestad på klubbefesten hittåret.

Same staden kan du **laurdag 16. februar frå kl. 12.30** syngja songskattar frå Hedmark med **Unni Løvlid** frå Honndalen, Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen, konsert kl. 14.00.

**VIKTIG MELDING:** Frå årsskiftet vert lagsbladet Tre Fjordar sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, vil framleis få papiravisa tilsend.

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste er **29/1**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvallestad@nvh.no](mailto:agnar.kvallestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvallestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for eventuelt å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvallestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

Følg med på det som skjer i laget på <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og ringen på <http://sognogfjordaneringen.no>

# A

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) - 22 85 63 48 (a)  
a.r.e.dale@admin.uio.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63  
hilmar@getmail.no

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvallestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvallestad@nvh.no

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
agnar.hegrenes@nilf.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** 21 92 02 05 (p) - 22 36 72 56 (a)  
Andor Gjelsvik  
andorgj@frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
Dagfinn Aa  
daa@ssb.no

### SOG OG FJORDANDERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)  
alb@geofrost.no

---